

Informasjon om bispekandidater

Ragnhild Jepsen





DEN NORSKE KIRKE
Nidaros bispedømmeråd

BISPENOMINASJON I NIDAROS

CURRICULUM VITAE

NAVN: RAGNHILD JEPSEN

PERSONLIGE OPPLYSNINGER

Fullt navn: Ragnhild Jepsen
Fødselsdato: 04.11.1969
Adresse: Schives gate 11, 7030 Trondheim
Mobiltelefon: 97 97 60 35 E-post: rj899@kirken.no
Nåværende stilling: domprost i Nidaros
Ordinasjonsdato: 21.09.1997 Ordinasjonssted: Ål kyrkje

UTDANNING

Årstall	Studium	Studiested
1995	Cand.theol	Det Teologiske Menighetsfakultet
1997	Praktikum	Det Teologiske Menighetsfakultet

ANDRE KURS OG ANNEN FAGKOMPETANSE MED RELEVANS FOR BISPETJENESTEN

2010-2011 "Læring og ledelse"- SPP-modul
2006 - 2008 Arbeidsrettleiing med fordjupning, Nidaros bispedøme
2001-2002 Leiarutviklingskurs for kvinnelege teologar,
arr. Det Praktisk teologiske seminar, Universitetet i Oslo

ARBEIDSERFARING

Årstall	Stillingsbetegnelse	Arbeidsgiver
2011 – dd	domprost i Nidaros	Nidaros bispedøme
2006-2011	sokneprest Nidaros domkyrkje	Nidaros bispedøme
2003-2006	kapellan Nidaros domkyrkje	Nidaros bispedøme
1997-2003	kapellan i Åmot	Hamar bispedøme
1997	kateketvikar, Tanum	Bærum kirkelige fellesråd
1996-1997	sekretær «Vigsling av kantorer»	Kyrkjerådet

RELEVANTE VERV

Årstall	Verv/rolle	Kommentar
2014 – dd	styremedlem Den Lutherske kyrkja ved dåpsstaden i Jordan, Evangelical Lutheran Church of Jordan and The Holy Land	oppnevnt av Nidaros bispedøme og Mellomkyrkjeleg Råd
2008 dd	styremedlem Olavsfestdagene	
2008 – dd	PTO, Permission to officiate, tillating til å forrette gudstenester i Den anglikanske kyrkja	Gjeven av erkebiskopen i Canterbury
2006 – dd	styremedlem og nestleiar i stiftinga Nidarosdomens Guttekor	
2005 – dd	andaktshaldar NRK	
2010-2014	medlem Arbeidsgruppe for kyrkjeleg markering av Grunnlovsjubileet 2014	Kyrkjerådet
2010-2011	medlem av redaksjonskomité for Norsk salmebok 2013	
2010 – 2011	medlem av KMU, Kyrkjerådets musikkutval	
2010	delegat til generalforsamling i Det Lutherske Verdsforbundet, Stuttgart	
2005 – 2007	medlem av «Underutval for dåp»	Kyrkjerådet, Nemnd for gudstenesteliv. Utvalet la fram forslag til ny dåpsliturgi i arbeidet med gudstenestereformen
2005 – 2007	nestleiar i styret i Musica Sacra	
2000 – 2003	medlem av arbeidsgruppa «Guds menighet er jordens største under», om kyrkjelydane sine erfaringar i misjon, økumenikk og solidaritetsarbeid	Mellomkyrkjeleg Råd
2000 – 2003	distriktskontakt Kirkens Nødhjelp, Sør-Østerdal prosti	
1999 – 2002	medlem av Teologisk Nemnd, også i arbeidsutvalet	Mellomkyrkjeleg Råd
1997	delegat frå Den norske kyrkja til generalforsamlinga i Churches Committee on Migrants in Europe (CCME)	
1997 – 1999	varamedlem eksekutivkomiteen Churches Committee on Migrants in Europe	
1994 – 2002	delegat frå Den norske kyrkja til Rådsmøtet i Norges Kristne Råd	
1993 – 1996	medlem av salmebokkomiteen og redaksjonsutvalet som la fram «Salmer 1997»	
1992 – 1997	sentralkomitémedlem Konferansen av Europeiske Kirker	

- 1992 – 1997 medlem ex officio Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkja
- 1992 – 1993 medlem «Ung i kirken», nedsett av Kyrkjerådet. Utvalet stod m.a. bak rapporten «Ung i kirken» og det første Ungdommens Kirkemøte i Bergen, 1993

VIKTIGE PUBLIKASJONER (EVT.)

«Kvar er musikken viss ingen lyttar?». Bidrag i «Ad fontes – festskrift til Terje Kvam på 70-års dagen», Novus forlag 2014

«Olav som inspirator for tru og kyrkjelydsbygging», foredrag halde på Stiklestad april 2012, seinare utgjeven i ein rapport.

Kronikkar i Adresseavisen
Div. artiklar i menighetsblad mm.

SPRÅK

Engelsk – skriftleg og munnleg svært godt
Tysk – skriftleg og munnleg godt
Nederlandsk – skriftleg og munnleg godt
Litt fransk
Bokmål og nynorsk – har nynorsk som hovudmål, men beherskar begge like godt

ANDRE OPPLYSNINGER, PROSJEKTER E.L.

Eg har gjennom åra i Nidaros domkyrkje hatt prosjektleiing av mange store, nasjonale gudstenester, mellom dei 800-årsjubileet for Vår Frue Kirke i 2007, innsetjing av preses i 2011, den økumeniske gudstenesta ved Grunnlovsjubileet i 2014, opninga av sentralkomitémøtet i Kirkenes Verdensråd 2016, 25-årsjubileet for signinga av kongeparet i Nidarosdomen 2016 og jubileumsgudstenesta ved 100-årsjubileet for det første samiske riksmøtet februar 2017.

I 2012/13 leia eg prestane i Nidaros domprosti i studieopplegget «Dialogisk menighet»; eit studieopplegg i regi av Kirkelig Dialogsenter og Teologisk Fakultet om dialogarbeid i lokalsamfunna.

Eg har hatt ulike verv i Noregs Mållag – eg var leiar i Elverum mållag frå 2001 – 2003, og eg var med i utvalet som la fram nytt prinsippprogram til landsmøtet i Noregs Mållag 1996.

Då eg var prest i Åmot i Østerdalen var eg engasjert i KFB, Kvinners Frivillige Beredskap. I samband med dette deltok eg i 1999 på Linderudseminaret, eit kurs på Krigsskolen om sikkerhet og beredskap i samfunnet.

Eg var leiar i Åmot kommunes 1000-årskomiteé.



DEN NORSKE KIRKE Nidaros bispedømmeråd

BISPENOMINASJON I NIDAROS

SVAR PÅ SPØRSMÅL

NAVN: RAGNHILD JEPSEN

1. HVORFOR HAR DU LYST TIL Å BLI BISKOP I NIDAROS BISPEDØMME?

Nidaros bispedømme er, slik eg ser det, det mest interessante bispedømmet å gjere teneste som biskop. Eg har lyst til å vere med å påverke korleis kyrkje- og kristenliv i Nidaros kan ha gode kår og vekst i tida som kjem. Framfor 1000-årsjubileet for Olav Haraldssons død på Stiklestad og det som blir rekna som ei tidevende for landet vårt, er det viktig å finne fram til kva som skal prege vår samtid, våre liv, våre haldningar og vår kyrkje. Stiklestad og Nidarosdomen har gjennom historia vore viktige verdileverandørar. Eg vil bidra til at desse symbolstadene kan inspirere til samtale og utfordring for nye generasjonar i eit fleirkulturelt samfunn. Eg vil vere med å utvikle den gode tradisjonen i bispedømmet: At kyrkja si stemme blir rekna med i samfunn og samtid. Men mest av alt ynskjer eg å legge til rette for at alle som søker til kyrkja i Nidaros kjenner seg velkomen, ønska og heime. At dei vil kome dit med barna som skal døypast, som konfirmantar, til vigsel og med sine døde. Der skal dei møte evangeliet om Jesus Kristus forkynt til frelse og oppbygging for alle.

2. HVA ER ETTER DIN OPPFATNING BISKOPENS VIKTIGSTE OPPGAVER?

Biskopen skal samle, inspirere og synleggjere einskapen i kyrkja. Han eller ho skal på ein særleg måte synleggjere Kristusoppdraget vi alle har del i: At vi er sendt for å døype og lære, og at vi skal gjere evangeliet levande for menneske. At evangeliet på denne måten kontinuerleg kallar til tru, er den apostolisiteten som vi vedkjenner i kyrkja, og som biskopane på ein særleg måte er sett til å synleggjere. Biskopen skal leie og oppmuntre dei tilsette og kyrkjelydane på ein slik måte at dette kan skje. Også i samfunnet, på vegne av kyrkja, er biskopen viktig: For å vitne om kva det betyr å vere kyrkje i vår tid. For å trøyste, oppmuntre og støtte dei som treng å bli sett og lyfta. Biskopen må vere ein truverdig Kristus-etterfølgjar.

3. HVA ER DIN FORSTÅELSE AV BISKOPENS ROLLE I KIRKEN?

For at det tilsynet som er tiltrudd biskopen skal kunne utførast med truverdighet, krev det av han eller henne at ein er tydeleg om det som er viktig å stå saman om og det ein kan vere usamd om i den same, eine kyrkja. Biskopen må vere ein tydeleg leiar for dei vigsle. Saman med bispedømmerådet skal biskopen vere ein ryddig og forutsigbar arbeidsgjevar som legg til rette for arbeidsglede og kreativitet, og som kan trøyste og oppmuntre.

4. HVA MENER DU EN BISKOP I NIDAROS BISPEDØMME BØR PRIORITERE?

Biskopen i Nidaros skal oppmuntre og støtte kyrkjelydane i den trua som er levd og utforma på deira stad gjennom generasjonar.

Biskopen i Nidaros må synleggjere aksept for breidde og mangfald i det kyrkjelege arbeidet. Truskap til evangeliet skal vere målestokk for forkynning og kyrkjelydsarbeid.

Biskopen må saman med dei valde råda og dei tilsette i Nidaros bispedømme arbeide for ei folkekyrkje som er samlande og identitetsskapande. Då må ein arbeide for at kyrkja har ressursar og medarbeidarar der folk lever og bur.

Biskopen i Nidaros skal ha ei særleg omsorg for samisk kyrkjeliv og legge til rette for bruk av samisk språk i gudstenestene i heile bispedømet.

Biskopen i Nidaros må alltid halde fram einskapen i den heilage, alminnelege kyrkja. Då kan vi også erkjenne ulikhet og lokal identitet som verdifullt og godt.

5. HVA ER KIRKENS HOVEDUTFORDRINGER I DAG, OG I TIDEN FRAMOVER, SLIK DU SER DET?

Kyrkja må oppfattast som livsviktig og kvardagsnær. Viss ikkje det kyrkja har å gje svarer til menneskes lengt, greier vi ikkje å formidle aktualiteten i bodskapen om Jesus Kristus. Når vi ser synkande tendensar i oppslutning om gudstenester og kyrkjelege handlingar, må vi arbeide utretteleg for å analysere kvifor det er slik.

Kva er det i kyrkja sine tradisjonsskattar som rører ved menneske? Korleis finne fram til det vi med handa på hjartet kan seie er livsviktig for oss? I ei folkekyrkje som samlar eit fleirtal av dei som bur i Noreg, må vi finne den strengen i oss som vibrerer og gjev klang til trusliv og fellesskap. Vi må fokusere på det i kyrkja som bind oss saman, ikkje det som splittar.

Eg vil invitere til innspel frå mange hald for at kyrkja skal tenke ut over konvensjonar og orientere seg mot dei behova menneske i dag faktisk har. Det er dåpsbarna og dei vi når gjennom ei planmessig trusopplæring som skal utgjere kyrkja i framtida. Vi må skape tilhørighet og kjærleik til kyrkja hjå dei unge. Difor må vi også erkjenne mangfald i form og uttrykk som rikdom og naudsynt.

6. HVA VIL DU LEGGE MEST VEKT PÅ FOR Å IVARETA BISKOPENS ROLLE SOM KIRKELIG LEDER MED TILSYNSANSVAR I BISPEDØMMET?

Eg vil vere ein lyttande leiari og ein som dei tilsette kan rekne med er tilstade og tilgjengeleg. Eg trur biskopens forkynning og andeleg leiarskap er ein føresetnad for tillit frå dei biskopen har tilsyn med, men også for alle dei som møter biskopen som representant for kyrkja. Det krev nærvær og truverdighet. Å samverke respektfullt og godt med rådsstruktur og tilsette, også i fellesrådslinja, er avgjerande.

7. HVA VIL DU LEGGE MEST VEKT PÅ FOR Å IVARETA BISKOPENS ROLLE SOM INSPIRATOR OG VEILEDER OVERFOR PRESTENE, MEDARBEIDERE, MEDLEMMER AV VALGTE RÅD, SAMT OVERFOR MENIGHETENE OG KIRKENS MEDLEMMER?

Som inspirator og rettleiar vil eg:

- Forkynne Jesus Kristus.
- Halde oppe visjonar – tydeleggjere oppdraget vi er sendt med.
- Vise glede og takksemnd over å vere saman i gudstenestefellesskap.
- Lytte til erfaringar og anerkjenne ulikskap.
- Alltid vise til fellesskapet i Guds verdsvide kyrkje.

8. HVA ER KJERNEN I DIN FORKYNNELSE?

Eg ynskjer i forkynninga å peike på det eg meiner er mest sentralt og det viktigaste i kyrkja sin bodskap:

- Nåden i Jesus Kristus gjeven til oss alle.
- Å anerkjenne det alminnelege som Guds nedlagte spor og nærvær i oss.
- Håpet om ein ny himmel og ei ny jord.

9. HVORDAN VIL DU BESKRIVE DEG SELV SOM FORKYNNER OG HVA LEGGER DU VEKT PÅ Å FORMIDLE?

Eg er glad i å forkynne og likar å bruke bibelforteljningane for å gje lys og oppmuntring til livet vårt som Kristus-etterfølgjarar. Etter tolv års arbeid med andakter i NRK har eg erfart kor viktig det er at forkynninga oppleves nær til livet vi lever. Eg er oppteken av språk – at det må kjennes nært og presist. På sitt beste kan ord skape gode bilete å ta med inn i trusliv og kvardagar.

10. HVILKE VISJONER HAR DU FOR NIDAROS BISPEDØMME OG DEN NORSKE KIRKE FRAMOVER?

Kyrkja, lokalt og nasjonalt, skal vere der menneske er. Den skal verke til trøyst og oppmuntring, men også kalle til oppbrot og handling som følgje av evangeliets budskap om Jesus Kristus. Kyrkja må framstå truverdig i lokalsamfunna. Eg ynskjer meg ei kyrkje som formidlar at det vi har saman er livsviktig og kvardagsnært.

Den norske kyrkja, lokalt og nasjonalt, skal ha ei tydeleg stemme inn i samfunnsliv når menneskeverd og skaparverk er truga.

Gudstenestefellesskap og kyrkjelege samlingar skal vere trygge og opne rom der vi finn saman i tilbeding på tvers av generasjonar og meiningar, og der heile menneskelivet blir sett og verna om.

11. HVA VIL VÆRE DITT SÆRLIGE BIDRAG INN I BISPETJENESTEN I NIDAROS BISPEDØMME?

Eg er glad i folk og glad i kyrkja. Difor håper og trur eg at dei som møter biskopen i Nidaros vil kjenne seg sett og verdsette. Eg har god kompetanse på gudsteneste og liturgi gjennom åra som prest i Nidaros domkyrkje. Det håper eg kan vere til inspirasjon og nytte for kyrkjelydane og dei tilsette i bispedømmet.

Eg har eit økumenisk nettverk som eg vil bruke og synleggjere. Og eg trur at eg har evne til å bruke språk, både munnleg og skriftleg, på ein måte som berører – som målber det livsviktige, men som eg varierer for å tydeleggjere situasjon og målgruppe. Eg vil meine at eg er ein god forkynnar. Eg ynskjer å forkynne evangeliet om Jesus Kristus til tru og liv.

12. HVORDAN VIL DU SOM BISKOP I NIDAROS BISPEDØMME IVARETA DET TEOLOGISKE MANGFOLDET I BISPEDØMMET?

Eg er vand med å tenke praktisk, kyrkjeleg teneste i relasjon til lærespørsmål. Det er ei erfaring eg har med meg frå tida mi som medlem i Teologisk Nemnd for Den norske kyrkja. Ein god og respektfull samtale om det vi er usamde om, viser at det finst handlingsrom innanfor ei kyrkje som er ei i Jesus Kristus. Den samtalen vil eg halde høgt i Nidaros bispedømme. Frå eigen ungdomstid kjenner eg godt til den lågkyrkjelege tradisjonen frå bedehuset, med songskatten, bønnespråket og kulturen, og har stor respekt og age for den. Men eg har også kjærleiken til liturgi og tradisjonen i kyrkja med meg frå gudstenestelivet i Nidarosdomen og frå oppveksten min i Ål. Frå tida som prest i Østerdalen har eg lært å verdsetje respekt for det alminnelege livet slik det kjem til uttrykk i kyrkje og lokalmiljø. At eg har god kjennskap til og erfaring frå fleire delar av det kyrkjelege landskapet, trur eg er ein viktig føresetnad for å møte det rikholdige mangfaldet i Nidaros bispedømme.

13. HVORDAN VIL DU BIDRA TIL Å REALISERE FOLKEKIRKEN I NIDAROS BISPEDØMME?

Nidaros bispedømme skal ha eit rikt gudstenesteliv som ivaretek skilnader og peikar på det som bind oss saman som fellesskap i Jesus Kristus. Då må vi ha tilsette med høg kompetanse og gode vilkår å arbeide i. Rekruttering til kyrkjeleg teneste i bispedømmet og Den norske kyrkja er noko av det viktigaste vi kan ha fokus på i tida som ligg framom. Det vil sikre at folkekyrkja blir realisert i landsdelen vår. Biskopen må vere ein sentral pådrivar i dette.

Dei folkevalde si rolle i bispedømeråd, sokneråd og fellesråd i Nidaros er avgjerande for å verkeleggjere folkekyrkja i bispedømmet. Den lokale forankringa med eigarskap til tradisjonar, engasjement for det stadeigne og strategi for å nå mål, må oppmuntrast og støttast med biskopen som samtalepartner og inspirator. Eit viktig kjenneteikn for folkekyrkja er at nåden blir tilbode alle utan reservasjonar.

14. HVILKEN KJENNSKAP HAR DU TIL LANDSDELEN, HERUNDER TIL BISPEDØMMET OG DE KRISTNE OG KULTURELLE TRADISJONENE HER, INKLUDERT SØR-SAMISK KIRKE- OG KULTURLIV?

Eg synes eg kjenner Trøndelag og Nidaros godt etter meir enn 13 år som prest i bispedømmet. Landsdelen har ein samansett geografi med by og land, kystkultur og fjellkommuner. Her er industrisamfunn som har sett sitt preg på kyrkje- og lokalmiljø, og her er historisk medvit og kunnskap om linjene bakover som framleis gjer seg gjeldande i dag. I tillegg finst det ein læringskultur både gjennom høgskulemiljø og universitet, og det er ein tradisjon for å la seg opplyse og ta inn impulsar som fornyar. Folk i Nidaros er glade i kyrkjesusa og kjenner stolthet over tradisjonar og historie. Her er foreiningskristendom og bedehus side om side med folkekyrkja sin plass i lokalsamfunna.

Den rike samiske kulturen lærer oss mykje om å ha age for spora etter dei som har gått før oss. Eg har sett litt av kor sårt det er å ikkje få uttrykke tankar og gudstru på sitt eige språk, og kor viktig det er når det skjer. I Nidarosdomen har eg vore pådrivar for at vi ved alle gudstenester har eit liturgisk ledd på sørsamisk. Det samiske språket med sine bilete fargelegg gudstrua vår på ein måte som gjer oss alle rikare. Eg vil medverke til å synleggjere det samiske i kyrkje og samfunn.

15. HVA KAN DU MED DIN KOMPETANSE TILFØRE BISPEKOLLEGIET OG BISPEMØTET?

Eg har erfaring, medvit og kompetanse frå økumenisk arbeid, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt heilt frå eg som teologistudent var Den norske kyrkja sin sentralkomiteemedlem i Konferansen av Europeiske Kyrkjer. Eg har hatt sete i to salmebokredaksjonar, Salmer 1997 og Norsk Salmebok 2013, og har ein kompetanse på hymnologi og liturgisk arbeid som eg trur er viktig for kyrkja sitt oppdrag for å ivareta både fornying og tradisjon. Arbeidet mitt med å planlegge og legge til rette for store nasjonale gudstenester i Nidaros domkyrkje har også gjeve meg erfaringskompetanse på å lage gudstenester som skal femne om mange uttrykk samstundes som dei er viktige symbol for fellesskap og det som bind oss saman. Dette året markerer eg tjue års kontinuerleg kyrkjelydsteneste som prest. Det vil eg meine er ein god kompetanse å ha med seg inn i kollegiet.

16. BESKRIV KORT DIN TEOLOGISKE PROFIL OG DITT STÅSTED I DEN NORSKE KIRKE?

Eg vil alltid halde fram det naudsynte i evangeliets frie løp – at evangeliet om Jesus Kristus ikkje let seg hindre av krav eller konvensjonar, men finn sine vegar uventa og kraftfullt på måtar vi ikkje alltid forstår.

Det er viktig for meg å hente impulsar og inspirasjon frå den økumeniske teologien, slik Guds kyrkje på jorda har kome til uttrykk gjennom to tusen år gjennom liturgi og gudsteneste.

Eg har ei kulturopen tilnærming til kyrkje og teologi.

17. HVORDAN VIL DU FORHOLDE DEG TIL AT DET I DEN NORSKE KIRKE ER TO SYN PÅ KIRKELIG VIGSEL AV LIKEKJØNNEDE, OG HVORDAN VIL DU SOM BISKOP FORHOLDE DEG TIL DE SOM IKKE HAR SAMME SYN SOM DEG?

Eg høyrer til dei som har ynska og arbeidd for at likekjønna skal ha same rettar og vilkår i kyrkja som ulikekjønna. Når Kyrkjemøtet vinteren 2017 vedtek vigselsturgi for likekjønna ekteskap, er det viktig å legge til rette for at alle som ynskjer vigsel skal få det i si eiga lokale kyrkje. Då må leiinga i kyrkja sørgje for betjening og at paret blir godt og respektfullt motteke.

Men dette er eit spørsmål vi er samde om å vere usamde om. Som biskop vil eg gjere det tydeleg både for tilsette og rådsmedlemmer at ingen skal kjenne seg tilsidesett eller ikkje møtt på grunn av sitt teologiske syn i dette spørsmålet. Eg vil legge til rette for ein open og respektfull samtale om desse tinga.

18. HVORDAN VIL DU KARAKTERISERE DEG SELV SOM PERSON?

Eg er ein person som lett kjem i kontakt med andre, eg har stort sett godt humør og eg trur eg kan ha ein god replikk. Eg har stor arbeidskapasitet og evne til raskt å setje meg inn i samanhengar og sakskompleks. Eg held meg godt orientert om det som skjer i samfunn og kyrkje. Eg toler å stå i det som er smertefullt saman med

medmenneske. Min identitet som prest er sterk. Det er i gudstenesterommet og i møte med menneske eg hentar styrke og inspirasjon.